



Arkivnr: 2014/26-2

Saksbehandlar: Eva Øverland Brækkan

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

**Tilskot til utbygging av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune**

**Samandrag**

Etter nokre tiår med skogreising, rår no kystfylka over betydelege mengder med tømmer, som etter kvart vert hogstmogen. Eit viktig mål er å utnytta desse ressursane mest muleg effektivt. Dette krev ein god infrastruktur, både med omsyn til eit tenleg vegnett og til utskipningsplassar for tømmer. Nasjonal Transportplan seier at det må leggast til rette for å auka transporten av tømmer og flis med båt, då dette gjev mellom anna færre tømmerbilar på vegane og reduserte klimagassutslepp.

I revidert statsbudsjett for 2012 og for 2013 er det det gjeve to løyvingar til utviding av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune på til saman kr 15.214.000,-. I tilsegnsbrev datert 16.04.13 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) har dei løyvd inntil kr 7 195 000,- og i tilsegnsbrev datert 21.03.2014 ytterlegare kr 8.019.000,-. Kostnadsanslaget Nordhordland Skogeigarlag har motteke frå entreprenøren er på kr 19.018.000,-. Utfordringa til skogeigarlaget er å no å få fullfinansiere prosjektet og difor søker dei Hordaland fylkeskommune om å delfansiere prosjektet. Fylkeskommunen kan med ei løyving på kr 2.500.000,- 13,1 % av totalkostnadene, medverke til at fylket får ei tømmerkai til kr 19.018.000, kor staten finansierar 80 % av kostnadene.

I vedtak FUV sak 79/13 «Oppfylging av melding om kystsogbruket – statusrapport 2008 – 2012» heiter det mellom anna at arbeidet med skogsveiprogrammet og tømmerkaiar vert prioritert.

**Forslag til vedtak**

Hordaland fylkeskommune finn ikkje innanfor budsjetttramma 2014 å kunne medverke til finansiering av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 31.03.2014**

## Bakgrunn

Bakrunnen for denne saka er søknad frå Nordhordland Skogeigarlag datert 22.05.2013 og revidert søknad 17.03.2014. Nordhordland Skogeigarlag er eigar av gnr. 244 bnr. 26 og bnr. 36 Eidsnes i Lindås kommune, som ligg ned til Osterfjorden. Eigedomen har eit totalareal på 60 dekar og vart kjøpt inn med tanke på å sikra areal for utskiping og foredling av tømmermengdene som ville koma. På 1980-talet vart det bygt ein 1300 meter lang bilveg ned til området. På slutten av 80-talet fekk laget bygd tømmer/djupvasskai med ein front på 30 meter og i 2003 vart denne forlenga med nye 30 meter, slik at det i dag er ein kaifront på 60 meter. I dag går det aller meste av tømmeret som vert hogd for sal i Nordhordland over denne kaia.

## Tidlegere handsaming

Eit samarbeid innan skogbruk og skognæring (det såkalla Kystskogbruket) utarbeidde Kystskogmeldinga i 2008. Alle fylkeskommunane frå Rogaland til Finnmark handsama og slutta seg til meldinga, - så også Hordaland fylkeskommune, sjå vedtak i FUV sak 277/08 «Melding om Kystskogbruket»:

1. *Melding om Kystskogbruket vert tatt til orientering.*
2. *Det bør utarbeidast eit framtidsscenario med brei, forskingsfagleg deltaking som viser kva konsekvensar forslaga i meldinga vil ha på mellom anna skognæringa, lokalsamfunn, friluftsliv, reiseliv, klima, landskap, inngrepsfrie områder, kulturminne og biologisk mangfald.*
3. *På dette grunnlaget bør kystfylka samarbeide vidare for å følgje opp meldinga, for å sikre potensielle næringseffektar samt langsiktig og god forvaltning av skog og miljø.*
4. *Hovudansvaret for vidare oppfølging må ligge til landbruksavdelingane hjå fylkesmenna.*

12010 gav Kystskogbruket SINTEF i oppdrag å utarbeide ein plan, for å minimalisera transportkostnadane frå skog til industri. Rapporten prioriterte 60 stadar for tømmerkaiar langs kysten til ein utbyggingskostnad på ca. 300 millionar kroner. I vedtak FUV sak 79/13 «Oppfølging av melding om kystskogbruket – statusrapport 2008 – 2012»:

1. *Fylkesutvalet tek «Status Rapport 2008 – 2012 Oppfølging av Melding om Kystskogbruket» til orientering, og gjev sin tilslutning til at arbeidet blir vidareført*
2. *Fylkesutvalet løyer kr 50.000,- til første programår (2010), og kr 60.000,- for kvart av siste to år(2011 og 2012). Dette vert finansiert over regionalt utviklingsprogram (RUP). Fylkesrådmannen kjem tilbake med plan for vidare finansiering.*
3. *Det vert føresett at arbeidet med skogsveiprogrammet og tømmerkaiar framleis vert prioritert.*
4. *Hordaland fylkeskommune vidareførar arbeidet med å utbetre flaskehalsar for tømmertransport knytt til det offentlege vegnettet i fylket.*

## Framstilling av saka

Som nemnd byrjar skogen som vart planta på slutten av 50 og byrjinga av 60 åra å verta hogstmoge. Det som no skjer, er at det har vore ein stadig auke i sortiment som må skipast ut over kai. Oppsett syner volumet tømmer som ein forventar å gå over kaia på Eidsnes komande 25 år i tidsrommet 2015 - 2040.

Kommune	M3 pr år i 25 år	Volum i perioden	Gj.transp. avstand til kai
Lindås	25.000	625.000	20 km
Meland	6.000	150.000	30 km
Radøy	9.000	225.000	40 km
Austrheim	1.000	25.000	45 km
Masfjorden /Gulen	6.000	150.000	60 km
Osterfjord Nærinssamarbeid (Modalen/Vaksdal/ Osterøy)	20.000	500.000	45 – 55 km
Andre *	21.600	540.000	65 km

\*Andre: Bergen (Åsane, Arna), Askøy og diverse. Her er tala usikre då det her kan koma nye kaiar.

Søknaden frå Nordhordland Skogeigarlag synar at det er behov for eit anlegg som er så pass stort at det kan ta unna dei mengdene som vil verta hogstmogen innan nær framtid. Ei utvida tømmerkai er såleis avgjerande for å nytte dei verdiene som ein har i dag og ikkje minst dei som vil kome. Søknaden som vart sendt SLF var ein plan på å forlenga den eksisterande kafronten på 60 meter med nye 75 meter og ei planering med å asfaltere like i bakkant av kaien då med tanke på levering av flis. (Prøveproduksjon starta sommaren i 2012). I søknaden til SLF opplyser Skogeigarlaget at det per i dag skipas ut om lag 20 000 m<sup>3</sup> over kaia. Skogeigarlaget antar eit årleg volum på om lag 80 000 – 85 000 m<sup>3</sup> tømmer over kaia kvart år for perioden 2015 - 2025.

Det har den seinare tid vore ein stadig auke i sortimentet som må skipast ut over kai. For å få flyt i dette og ikkje alt for mange operasjonar med å få tømmeret fram på kafronten, er det viktig med ei utbygging.

#### **Finansiering:**

Då statsbudsjettet for 2012 vart revidert, kom det inn ei ekstraløyving på 25 millionar til utbygging av tømmerkaiar/terminalar langs kysten. Denne løyvinga vart gjeve ut frå at mengdene med tømmer frå starten av skogreisinga er stadig aukane og da å ha ei rasjonell handtering og logistikk er avgjerande, for å få tømmer fram til kjøparane. Dette er såleis viktig for at det arbeidet og kostnadane det har vore med å få tømmeret fram til at det er hogstmoge, skal ha noko verdi.

Nordhordland Skogeigarlag fekk utarbeidt ein plan med kostnadsoverslag og sende søknad om tilskot til SLF.

#### KOSTNADSANSLAG FRÅ ENTREPRENØR:

Rigg og drift	kr	810 000
Grunnarbeid	kr	1 979 700
Dykkerarbeid	kr	1 682 000
Betonarbeid	kr	2 624 270
Trearbeid	kr	9 749 576
Tilleggspostar	kr	1 647 200
<b>SUM EKS AVG</b>	<b>kr</b>	<b>18 492 746</b>
25% mva	kr	4 623 187
<b>SUM INKL AVG</b>	<b>kr</b>	<b>23 115 933</b>

Inklusiv byggeleiing: kr 19.018.000,- (eksklusiv mva).

Tilbodet frå entreprenøren Byggservice AS varar i 3 månadar frå innleveringsfristen 12.02.2014 til 12.05.2014.

Av alle søknader som kom inn frå heile kysten i 2012 vart 5 prosjekt plukka ut til å arbeide vidare med sine søknader. 20. desember 2012 fekk Nordhordland Skogeigarlag løye om at Eidsnes i Lindås var ein av desse 5. Frå SLF vart det sagt at desse prosjekta kunne få ei løyving på ein stad mellom 50 – 80 % tilskot, men vilkåret var at dei kunne realiserast innan 2014, denne fristen vart forlenga til ut 2015 i andre løyving frå SLF I tilsegnsbrev datert 16.04.13 frå SLF har dei tildelt utbygginga av tømmerkai i Lindås inntil kr 7 195 000,-, av ein søkesum på kr 11 500 000,-. I tilskotsbrevet sto det at «prosjektet kunne rekne med å bli prioritert for ytterligare tildeling, dersom nye tilskotsrammer vart disponibele for tildeling fra SLF». I revidert nasjonalbudsjett for 2013 vart det løyva 30 millionar kroner til tømmerkaier, men no gjeld ordninga også for etablerte skogstrøk på Sør- og Austlandet. Av denne ramma fekk dette prosjektet ei ytterlegare løyving på kr 8.019.000,-.

I tilsegna står det og at det er viktig at næringsinteresser utanom skogbruket tek del i utbygging og finansiering av utbygginga og det er i den samanheng ein no vender seg til fylkeskommunen og kommunane i regionen.

**FINANSIERINGSPLAN:**

Nordhordland Skogeigarlag har søkt om fylkeskommunal medverking på kr 2.500.000,-. Frå søker si side er dette tatt inn i som ein del av finansieringsplana vist nedanfor:

Statstilskot	15.214.000
Hordaland Fylkeskommune	2.500.000
Lindås kommune	600.000
Kommunar i Nordhordland og Nordhordland Skogeigarlag	704.000
<b>Sum</b>	<b>19.018 000</b>

Ikkje alle finansieringskjeldene er avklara. Lindås innstiller kr 600.000,-, men løyvinga må handsamast politisk. Dei resterande løyvingane på til saman kr 704 000 er usikre, her vil Nordhordland Skogeigarlag gå inn å dekke eventuell manglande finansiering.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

I følgje Nordhordland Skogeigarlag sine tal er det eit stadig aukande sortiment som skal skipast ut over kai dei komande 25 åra. Auka sortiment og levering av flis vil krevje ein lengre kafront og planering med asfalt i bakkant av kaia. For å gjere det mulig å realisere dei store verdiane, som ligg i skogen som i nær framtid er hogstmoge, er det viktig å få ei utbygging av tømmerkai på Eidsnes. Dette er eit svært sentralt infrastrukturtiltak for skognæringa i regionen. Auka transport av tømmer og flis med båt er meir effektivt og gjev færre tømmerbilar på vegane og reduserte klimagassutslepp. Kvar tømmerbåt som lastar 5000 m<sup>3</sup> tømmer som utgjer volumet på cirka 170 tømmerbilar. Fylkeskommunen kan med ei løyving på kr 2.500.000,- 13,1 % av totalkostnadane, medverke til at fylket får ei tømmerkai til kr 19.018.000, kor staten finansierar 80 % av kostnadene. Utviding av tømmerkaia kan bidra til meir konkurransedyktig skogindustri i heile Nordhordland/Hordaland og skape nye aktørar innan skogindustrien.

Til tross for at prosjektet er godt finn ikkje fylkesrådmannen rom innanfor budsjetttramma 2014 å medverke til finansiering av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune.